

SOGNEKRAFT AS
Røysavegen 1
6893 VIK I SOGN

Vår dato: 23.10.2017
Vår ref.: 201001792-15
Arkiv: 317
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Randi Holme
rho@nve.no 99 21 51 22

Oversending av revisjonsrapport Sognekraft AS - Årøy kraftanlegg – Sogndal kommune

Vi viser til revisjon av Sognekraft sitt intenkontrollsystem for Årøy kraftanlegg og sender rapport frå revisjonen som vart gjennomført 3. og 4. oktober 2017. Revisjonen var varsla i brev datert 24.08.2017.

Under revisjonen vart det ikkje funne avvik. Det vart gitt to merknader. Revisjonsrapporten oppsummerer revisjonen og skildrar dei merknader som vart gitt.

Frist for å uttale seg til rapporten er sett til **10. 11.2017**. Vi oppmodar særskilt om at faktiske opplysningar som gjeld saka, vert korrigert eller supplert. Dersom NVE ikkje har motteke uttale innan fristen, er denne rapporten endeleg.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

Kopi: Gaute Flugheim
 SOGNEKRAFT AS v/Jacob Hornnes
 SOGNEKRAFT AS v/Kai-Vidar Myrhol
 SOGNEKRAFT AS v/Kåre Fosse

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Sognekraft AS
Revisjonsdato:	3. - 4. oktober 2017
Stad:	Årøy kraftanlegg
Deltakarar frå revidert eining:	Jacob Hornnes, produksjonssjef Kai-Vidar Myrhol, drift og vedlikehald, internkontroll Kåre Fosse, VTA Gaute Flugheim, leiar drift og vedlikehald
Revisorar frå NVE:	Revisjonsleiar Randi Holme Medrevisor Jon Atle Eie
Seksjon:	Øyvind Leirset, TBM

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Miljøtilsynet består av ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR-2011-28 nr. 1058, Ik-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Føremålet med ein systemrevisjon er å kontrollere at verksemda oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til natur, miljø og landskap vert teke i vare på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgevinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med å gjennomføre ein anleggsinspeksjon er å kontrollere at anlegget sin tilstand er i tråd med nemnde krav. For anlegg i driftsfasen vert det lagt vekt på landskaps- og miljøtiltak som til dømes tersklar, kontroll og informasjon knytt til manøvreringsreglement, minstevassføring og rydding av elveløp/flomløp. Forventa standard knytt til natur og miljø er å finne på NVE si heimeside, blant anna faktaarka «God praksis».

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgjande:

- Vassdragsreguleringslova
- Forskrift av 28.10.2011 nr. 28 om internkontroll etter vassdragslovgevinga (IK-vassdrag)
- Konsesjon til regulering og uttak av vatn frå Veitastrondvatn og Hafsløvatn datert 28.11.1980
- Vedtak, godkjenningar og pålegg med heimel i konsesjon dater 28.11.1980
- Brev frå Luster kommune dater 23.11.2005, om erosjon på elveførebygging ved Sumelvi i Veitastrond, jf. NVE sitt saksnr. 201402725-11
- Dokumentasjon som NVE mottok før og under revisjonen
- Intervju og anleggsinspeksjon

1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla IK-vassdrag generelt med særskild fokus på problemområder som erosjon, massetransport, sedimentering, kapasitet i flomløp og gjenngroing i regulerte vassdrag. Det var og sett særleg fokus på Årøyvassdraget som nasjonalt laksevassdrag.

- Målingar og registreringar for å dokumentere at anlegget vert drifta i samsvar med gitte løyve og pålegg, jf. Ik-vassdrag § 5-5
- Kartlegging av farer og problemområde med omsyn til miljø og landskap og utarbeiding av planar for gjennomføring av tiltak, jf. Ik-vassdrag § 5-6
- Nødvendig kunnskap og ferdigheiter for å oppfylle krav fastsett i eller i medhald av vassdragslovgevinga, herunder ha ein plan for korleis fagleg kompetanse skal oppretthaldast og vidareutviklast, jf. Ik-vassdrag § 5-3

1.4 Funn

Ingen avvik

To merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgevinga og anna lovgjeving NVE forvaltar.

Merknad er: Påpeking av forhold med moglegheit for forbetring eller eit forhold som bør vurderast nærmare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Revisjonen vart gjennomført i Sognekraft sine lokale på Årøy. Han omfatta ein anleggsinspeksjon og gjennomgang av internkontrollsystemet som er utarbeidd for Årøy kraftanlegg. Det vart gjennomført synfaring i nedre del av Sumelvi, utløpsområdet i Veitastrondvatn, inntak i Soget, Straumane, inntak i Hafsløvatn, inntak til Årøy I og Årøyelva på heile strekkja frå kraftstasjonen til utløp i fjorden.

Deltakarane frå Sognekraft vart intervjuja som ei gruppe. Det vart gitt god og utfyllande informasjon både i intervju og under synfaringa. Etter NVE si vurdering er systema godt tilpassa anlegget og implementert i organisasjonen.

Fokusområde kunnskap og kompetanse: Det er utarbeidd kompetanseoversikt for dei tilsette. NVE vart orientert om at Sognekraft deltek fast på årlege møter i samband med dei pågåande fiskeribiologiske undersøkingane. Uni Research Miljø sitt pågåande prosjekt medverkar til å heve konsesjonæren sin kunnskap om laksen i vassdraget.

Fokusområde målingar og registreringar: Det vert gjennomført målingar og registreringar av vasstands nivå og minstevassføring. Måledata vert sendt til NVE, og det er etablert gode system for dokumentasjon. Det er etablert gode rutiner for kontroll av avleste verdiar i forhold til reelle verdiar for nivå på vasstand. Måledata er tilgjengeleg for allmennheita på internett. Sognekraft bør ta ein gjennomgang og oppdatering av målestavar m.m. jamfør vår merknad nr. 1. Vi viser til retningslinjer for *Registrering av vannstand i vannmagasin* vedtekne 20.06.2016 og retningslinjer for *Registrering av konsesjonspålagt minstevannføring* av same dato.

Fokusområde farer og problemområde: Det er gjennomført ROS-analyser for fleire tema. Desse er dokumentert skriftleg. Kraftanlegget har vore i drift over lang tid og det er opparbeidd lang driftserfaring. Kunnskap om verknadene av drifta for miljø og landskap må seiast å vere stor, og denne

er lagt til grunn i utarbeiding av skriftlege tilsynsrutinar og sjekklister. Området i nedre del av Sumelvi og utløpet i Veitastrondvatn inngår som tilsynsobjekt. Med bakgrunn i spørsmål om Sognekraft sin påverknad av Sumelvi knytt til erosjon og påvirkning av elveførebygging tilrår NVE at Sognekraft sitt influensområde vert klarlagt t.d gjennom oppmåling, jamfør vår merknad nr. 2.

Fokusområde nasjonalt laksevassdrag: Det er inngått ein avtale (køyreplan) med grunneigar i Årøyelva der det framgår korleis kraftverket skal køyrast ned og opp. Her er reduksjon og auke i last pr. time og døgn fastsett. Omsyn til anandrom fisk er vektlagt og avtalen spesifiserer korleis ein skal oppfylle kravet i manøvreringsreglement datert 28.11.1980 punkt 3 der det står at *All reduksjon i vassføringen skal så vidt mulig skje gradvis*. NVE vart orientert om at i den grad det er mogeleg vert overgangane i opp- og nedkøyring gjennomført meir smidig enn det som er fastsett i avtalen.

Det vert gjennomført fiskeribiologiske undersøkingar etter pålegg frå Miljødirektoratet datert 05.06.2014. Uni Research Miljø gjennomfører undersøkinga som er avgrensa til perioden 2014-2018. Det vert utarbeidd årlege rapportar.

Det er tett samarbeid mellom Sognekraft, Årøy klekkeri og grunneigar i samband med utsetting av fisk som óg er pålagt. Køyring av anlegget vert i størst mogeleg grad optimalisert når det vert sett ut fisk og gjennomføring av stamfiske.

Andre forhold:

Det er gjort ei vurdering av fordelar og ulemper kring opning av utløpskanalen frå kraftverket. Dette er eit viktig gyteområde for laks. Det vil på eit seinare tidspunkt kunne gjerast vurderingar av forbygginga og kva verknad denne kan ha på gyteområda.

2 Skildring av merknader

Nr.	Skildring av merknader
1	<p>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (Ik-vassdrag) § 5-7: <i>Den ansvarlige skal konkretisere hvordan vilkår og betingelser satt i konsesjoner, godkjenninger og lignende skal oppfylles.</i></p> <p>NVE rår til ein gjennomgang og oppdaterting av målestavar m.m. ved reguleringsmagasina i samsvar md gjeldande retningslinjer for <i>Registrering av vannstand i vannmagasin</i> vedtekne 20.06.2016 og <i>Registrering av konsesjonspålagt minstevannføring</i> av same dato.</p>
2	<p>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (Ik-vassdrag) § 5-6: <i>Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemområder med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene.</i></p> <p>NVE rår til at Sognekraft sitt influensområde oppover i Sumelvi vert avklart t.d. gjennom oppmåling/dokumentasjon, og at etablerte tilsynsrutinar i nedre del av Sumelvi eventuelt vert justerte.</p>